

Vår dato	Vår referanse
19.11.2014	14/00920-4
Dykkar dato	Dykkar referanse
	14/6446-5

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Sakshandsamar:
Marianne Jørgensen

Tilbakemelding-Nasjonal transportplan 2018-2027 - Analyse av lufthavnstrukturen

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med spørsmål knytt til lufthamnstrukturen og kva den betyr for vår verksemd.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) er ei statleg verksemd med rundt 90 tilsette i Leikanger og rundt 150 tilsette i Oslo. Oppgåvene er til dels landsdekkjande, og krev at mange av dei tilsette reiser ikkje berre mellom Leikanger og Oslo, men og mellom Leikanger og andre stader i landet. Organiseringa med tilsette på to stader gjer og at det er nødvendig med reiser mellom stadene sjølv om vi legg vekt på å nytte alternative kommunikasjonsformer som videokonferansar.

Om Sogndal lufthamn skulle bli nedlagt ville det difor innebera vesentlege utfordringar for Difi. Det ville bli svært krevjande å få gjennomført dei oppdraga vi har på ein tilfredsstillande måte utan vesentleg auke av ressursar. Ut over auka ressursbruk i form av tid til reising for å få gjennomført oppgåvene våre, ville det og by på utfordringar med tanke på den interne drifta av Difi som organisasjon.

Talet på flyreiser stipulerer vi til ein stad mellom 750 og 800 årleg.

Venleg helsing
for Difi

Jørgen B Smit
avdelingsdirektør

Marianne Jørgensen
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen handskrivne signaturar.